
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 19. april 2018 11:02
Til: 'fkrossnes@gmail.com'
Emne: Spørsmål om søknadsplikt for gangveg

Hei

Viser til spørsmål frå dykk om etablering av gangveg på eigedommen dykkar er søknadspliktig eller ei.

Eigedommen er regulert til bustad i Reguleringsplan for flytebru med vegnett, Flatøy. Etablering av gangveg er dermed i samsvar med regulert arealformål. Ettersom eigedommen er bebygd med ein bustad, og tiltaket ikkje kjem i konflikt med byggjegrensa mot sjø som vist i arealdelen til kommuneplanen, er tiltaket unntatt frå søknadsplikt under føresetnad av at terrenginngrepa ikkje medfører 1,5 meters avvik frå opprinneleg terrengnivå, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 bokstav e) nr. 7 og 10.

Når tiltaket er ferdigstilt må du informere kommunen om tiltaket og vise plasseringa på kart, slik at kommunen får oppdatere kart- og matrikkeldata, jf. SAK10 § 4-1 siste ledd. Det same gjeld for hagestova som de viser til.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

